

BA-serie:



BYGGVERK i Bjørgvin

■ Byggverk er ikkje berre hus. Det kan like mykje vere ein båt eller ei bru eller ein doning. Ifølge definisjonen er byggverk alt som er bygd på fast grunn - og Bjørgvin er eit område rikt på slike reisverk.

■ Forfattar Nicholas Møllerhaug vil i denne serien peike på slike spor i fortid og notid.

■ Neste sak kjem 5. september.



KRISTKIRKEN



HELGENEN: Den heilage Sunniva.



KRISTKIRKEN: Mest sannsynleg såg Kristkirken på Holmen akkurat slik ut. Kyrkja fekk stå i over 400 år til den blei gjort om til ruinhaug i 1536. I kyrkja Sunniva blei plassert der - i eit gullskrin ved alteret her. Då byrja pilegrimane å kome i hopetal.

Katedralen med det heil

Katedralen ytterst på Holmen - like ved Håkonshallen - var eit av Europas fremste reisemål i mellomalderen. 7. september er det 750 år sidan det heilage skrinet kom til byen - og endra Bergen for alltid.

Folk kom langvegsfrå for å vere nær gullskrinet som stod ved alteret der. Og i tidleg mellomalder var talet tilreisande til Bergen stort. Det hadde ikkje berre med skipsfart og handel å gjere.

For mange var ei høgreist monumental kyrkje tett inntil Håkonshallen reisemålet. Det var Kristkirken. Pilegrimsmalet.

Då Bergen var hovudstad og kongsete, var Kristkirken ikkje berre kongskyrkje. For dei tilreisande var det eit heilag skrin inni kyrkja - ved alteret - som var målet. Truande frå heile Europa ville hit for å vere nær det relikviane. I eit forseggjort gullskrin låg restane etter Sunniva - ei irsk prinsesse som døydd på Selja i Nordfjord nokre hundreår tidlegare. Pilegrimane kom folk i alle aldrar. Mange var sjuke og lidande. Enkelte var så sjuke at dei blei bore hit. Andre drog hit som

ei botsøving - og utfordra seg sjølve med fysiske anstrengingar når dei nærma seg katedralen ytterst på Holmen. Kanskje ein del gjekk på kne gjennom bykjernen? Andre nøya seg berre med å gå på kne opp kyrkjetrappa. I dag verker dette både søkt og ganske fjernt. I alle høve her i vår del av verda.

Katedralen med Sunnivas relikviar står denne hausten i eit heilt spesielt fokus. 7. september er det 750 år sidan relikviane kom til byen. Dei blei frakta med båt frå klosteret på øya, Selja til kongens katedral på Holmen. Gjennom eit omfattande katolsk ritual blei relikviane plassert ved alteret her.

Båtkortesjen som førte relikvien hit har no entusiastar rekonstruert med gamle båtar. Med dette vil dei skape eit bilete av denne storhendinga. I den katolske høgmellomalderen må dette ha vore ein kjempehappening. Kanskje litt som då Bergen fekk Melody Grand Prix i Grieghallen i 1986. Alle ynskte å få med seg dette - enten i følge med båt eller til fots i nærleiken av kyrkja.

På slike festdagar må det ha vore eit utruleg liv i byen. Det var det næraste ein kom festivalar og tivoli i mellomalderen - som eit Eurodisneyland, sjølv om ramma var sakral og kyrkjelege var det garantert masse liv i gate-



fann viktige hendingar stad. Men viktigast blei kyrkja i 1170 då levningane etter Heilage

ILLUSTRASJON: BERGEN ANNO 1320/ARKIKON

age skrinet

ne. Kjøpmenn og krovertar må ha tent pengar i bøtter og spann på dei tilreisande. Mange av pilegrimane trengde både mat og ein plass å bu. Kanskje stod gjøglarar og musikantar i gatene som skapte liv medan dei stod og venta på å kome inn i kyrkja.

Ei lengre reise til Mexico for nokre år sidan gav næring til dette biletet. Ein dag tok eg turen til utkanten av Mexico City. Der ligg den såkalla, Vår frue av Guadalupe-basilikaen. På eit platå låg det ein kjempeplass omkransa av to kyrkjer. Den eine var frå 1800-talet. Den andre var klart brutalistisk frå 1970-talet. Det viste seg at den moderne kyrkja var katedralen -

og at det gamle kyrkjebygget ikkje hadde klart alle pilegrimane. Innerst inne i den moderne katedralen hang difor relikvien - eit stort tekstil med bilete av Jomfru Maria på. Eit heilag klede. Nett som Sankta Sunniva-relikvien på Holmen i Bergen, var teppet eit objekt med stor verknad på dei truande.

Sjølvs om dette var ein heilt vanleg dag i den mexicanske hovudstaden, var det eit hopetal på veg opp mot kyrkja. Mange av dei tilreisande gjekk på kne dei siste hundre metrane. Inne i kyrkja var alt mykje meir organisert. Når ein nærma seg det store teppet, tok fleire rulleband -



TOMTA: Ein kan skimte Kristkirke-tomta til venstre for Håkonshallen. Hit kom pilgrimane langvegsfrå i hopetal i tidleg mellomalder.

FOTO: WIDERØE/UBB



MEXICO CITY: Scener som dette gjorde inntrykk då eg vitja Pilegrimskatedralen utanfor Mexico City. Slik botsgang var nok vanleg også ved Kristkirken på 1300-talet.

som på flyplassar - oss frå den eine sida til den andre. På denne måten fekk alle sjå. Ingen fekk anledning til å stoppe framfor teppet, for det hadde ført til fullstendig kaos.

Kanskje er det sånn det hadde vore på Holmen i dag om reformasjonen aldri hadde funne stad? Kanskje Bergen framleis hadde vore pilegrimsmål i verdstoppen? Under jubileet for Sunniva-relikvien i september kan ein bli betre kjend med pilegrimskulturen i byen på denne tida. Både faglege seminar og konsertar kjem til å sette lys på denne merkverdige tida i byens og landets historie. Det er også hendingar på nettet. Eg ser særleg

fram til den digitale rekonstruksjonen av katedralen på Holmen. Med dette blir det enklare å sjå for seg signalbygget i innseglinga til Bergen. Det store biletet over, er eit stillbilde frå denne digitaliseringa.

Om du går inn på <https://www.grind.no/tema/bergen-anno-1320>

7. september kan du vandre kring bygget og få eit enda betre inntrykk.

NICHOLAS H. MØLLERHAUG

